



## Myrkdalen Fjellandsby AS Redegjørelse etter åpenhetsloven

### 1. Åpenhetsloven

Åpenhetsloven trådte i kraft 1. juli 2022 og har til hensikt å redusere risiko for brot på menneskerettar og sikre anstendig arbeidsforhold i eiga verksemd, i verdikjeda og hjå samarbeidspartnarar. Vidare skal lova sikre tilgang på informasjon. Alle verksemdar som er omfatta av lova er pålagt å utføre aktsomheitsvurderingar, og å gjere greie for desse årleg.

### 2. Myrkdalen Fjellandsby AS

Myrkdalen Fjellandsby AS fusjonerte i 2020 med Aurland Ressursutvikling (No Norway's best Group AS) og inngår i dag som ein del av konsernet Noway's best Group AS.

Norway's best er eit av Norges største reiselivsselskap og driv hotell, serveringsstader, opplevingar, aktivitetar, butikkar, skianlegg og støttefunksjonar, samt internasjonal marknadsføring og salg for heile konsernet. Selskapet sin hovudaktivitet er i Flåm/Aurland og Myrkdalen, men det har også aktivitet i Geiranger, Hardanger, Oslo, Lofoten og Narvik.

Myrkdalen Fjellandsby driv utvikling og sal av tomter og fritidsbustader (leilegheiter og hytter) i tilknytning til skianlegget i Myrkdalen.

Myrkdalen Fjellandsby AS har ein organisasjon på 5 personar. Dei har pr. i dag sitt tilsetjingsforhold i Norway's best AS, men dette er under endring.

I det følgjande vil vi gjere nærare greie for vår tilnærming til aktsomheitsvurderingane, kort om vår leverandørkjede, skildring av overordna kartlegging og risikovurdering som er gjennomført, vurdering av eiga verksemd, samt at vi avslutningsvis vil gjere greie for Myrkdalen Fjellandsby AS sitt vidare arbeid med åpenhetsloven.

### 3. Vår tilnærming til aktsomheitsvurdering

Myrkdalen Fjellandsby AS har den siste tida jobba aktivt med fokus på både menneskerettar og anstendige arbeidsforhold som er i samsvar med OECD sine prinsipp, og vi jobbar no med å forankre dette i vår organisasjon, blant anna gjennom våre prosedyrar og retningslinjer. I samband med integrering av krav iht åpenhetsloven har vi:

- Utarbeida eigen Supplier Code of Conduct
- Igangsett arbeidet med utarbeiding av eigen rutine for kvalitetssikring av nye leverandørar
- Vurdere krav og kontraktsklausular i samband med inngåing av nye totalentreprisar

Aktsomheitsvurderingar vil bli innført som ein løpande prosess i heile verksemda vår. Gjennom prosessen forsøker vi å identifisere, unngå/forebygge, redusere og gjere greie for

negative effektar på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold som skjer i vår leverandørkjede eller hjå våre samarbeidspartnarar.

Vårt viktigaste arbeid knytt til åpenhetsloven vil skje i forkant av nye investeringar og prosjekt, og der vi ønsker å auke fokuset knytt til menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

## 4. Vår leverandørkjede

Våre utbyggingsprosjekt skjer gjennom totalentreprisar med store norske leverandørar eller ved at vi nyttar lokale aktørar der ein kjenner både eigarar og tilsette som har lokal tilhøyrgheit.

Alle våre samarbeidspartar må oppgje kven deira underleverandørar er i våre prosjekt. På denne måten kan vi ettergå og sjå til at forholda hjå underleverandørane også oppfølger våre krav knytt til menneskerettar og ansvarleg næringsliv. I arbeidet med kvalitetssikring av våre leverandørar nyttar vi mellom anna verktøyet Startbank. Dei av våre leverandørar som ikkje er ein del av dette systemet vert bedt om å oversende tilsvarende dokumentasjon.

Ut frå ei overordna vurdering av risiko knytt til våre utbyggingsprosjekt har vi kartlagt følgjande fokusområde:

- Bruk av innleigd arbeidskraft

Bruken av arbeidskraft hjå underleverandørar er eit område der det er risiko for potensielle brot på grunnleggande arbeidsrettigheter, anstendige arbeidsforhold, forhold knytt til HMS og likestilling på arbeidsplassen. Vi vil framover særleg ha fokus på å følgje dette opp tettare, herunder stille krav til vår verdikjede.

For materialleveransar kjem desse under entreprenøren som vi nyttar i prosjektet. Innkjøpa går i stor grad føre seg via større grossistar. For produkt og material som vert nytta i våre utbyggingsprosjekt vil det kunne føreligge fleire risikofaktorar bakover i leverandørkjeda, særleg innanfor;

- Metall
- Transport
- Teknologikomponentar

Vidare i arbeidet vil vi prioritere å jobbe med konkrete tiltak for oppfølging innanfor desse områda.

## 5. Kartlegging og risikovurdering

Myrkdalen Fjellandsby AS er i gang med å kartlegge vår leverandørkjede og våre samarbeidspartnarar. Vi føreteke vurderingar av menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i samsvar med OECD sine retningslinjer.

Vi vil klassifisere våre forretningssamband i henhold til kven som er våre leverandørar og kven som er våre forretningspartnarar. Våre forretningspartnarar vert vurdert overordna og ikkje utgjere ein risiko i henhold til dei vurderingane som skal gjerast etter åpenhetsloven.

For alle våre leverandørar skal det føretakast ei nærmare vurdering av risiko vidare nedover i leverandørkjeda.

Kartlegging og risikovurdering av våre forretningssamband vil bli føreteke gjennom ei klassifisering av disse der ein skil mellom leverandørar som utgjere låg risiko, middels risiko og høg risiko. Dei overordna risikovurderingane som er gjennomført har teke utgangspunkt i:

- bransje
- teneste/leveranse/produkt
- geografi
- type verksemd

Ein viktig del av oppfølginga av kartleggingsarbeidet vil vere å implementere ulike tiltak overfor leverandørar i dei ulike risikokategoriane. Det skal jobbast vidare med ein konkret tiltaksplan for dei ulike risikokategoriane.

Generelt meiner vi at dialog og tett oppfølging med våre leverandørar og forretningspartnarar er eit viktig ledd i denne prosessen for å få klassifisert alle mest mogleg korrekt, samt å bidra til å bevisstgjere og heve nivået av forståing i alle ledd på dette området.

Myrkdalen Fjellandsby AS har so langt i sitt arbeid med åpenhetsloven ikkje avdekket faktiske brot på menneskerettar eller anstendig arbeidsforhold.

## 6. Eiga verksemd

Vi utfører vår verksemd i samsvar med norsk regelverk, herunder norsk arbeidsmiljølov. Vi har fokus på at alle våre tilsette skal ha like moglegheiter og eit godt arbeidsmiljø. Det blir regelmessig gjennomført arbeidsmiljøkartleggingar og via medarbeidersamtalar. Resultata frå disse kartleggingane vert følgt tett opp, og det vert sett i verk konkrete tiltak ved behov.

Selskapet har satt fokus på innhaldet i vårt HMS arbeid og mellom anna fastsett følgjande mål;

- Tillit, psykologisk trygghet, respekt og energi.
- Intern stoltheit over eigen arbeidsplass og tiltak som kjennest ekte, effektfulle og modige. Forbetningskultur i takt med nye idear, metodar og teknologisk utvikling.
- Robust selskap som jobbar systematisk med forebyggjande arbeid og er gode på å identifisere fare og handtere risiko. Eit selskap som viser handlekraft, proaktivitet og fellesskap når ting skjer.

Våre tilsette skal vere opplyste og trygge på si rolle dersom krevjande situasjonar oppstår.

Vi har ikkje hatt nokon saker i vår verksemd knytt til negativt arbeidsmiljø eller brot på menneskerettar.

## 7. Vidare arbeid

Arbeidet med kartlegging og risikovurdering av våre leverandørar vil vere eit kontinuerleg arbeid i vår verksemd. I tillegg til oppfølging av eksisterande leverandørar vil vi sjå på rutinar knytt til kartlegging og risikovurdering av nye leverandørar.

Framover vil vi særleg ha tett oppfølging og dialog med våre samarbeidspartnarar i forkant av at nye prosjekt og investeringar vert sett i gang.

Dei tiltak som vert sett i verk overfor våre leverandørar der det er avdekket brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, eller der det er avdekket risiko for slike brot, sjåast i samanheng med i kva grad Myrkdalen Fjellandsby AS har bidrege til slik negativ påverknad. I vår oppfølging av, og tiltak overfor, våre leverandørar skil vi mellom negativ påverknad som er forårsaka av vår verksemd, negativ påverknad som vår verksemd har bidrege til og negativ påverknad som er direkte forbunde med vår verksemd. Vi har som mål at våre tiltak og vår oppfølging skal stå i samanheng med i kor stor grad vi har bidrege til negativ påverknad.

Vi vil løpende vurdere behovet for å innføre andre tiltak overfor våre leverandører.

For Q3 og Q4 2023 er det utarbeida følgjande overordna arbeidsplan for vidare oppfølging og aktivitetar i tilknytning til åpenhetsloven::

Måned	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	
1. Intern organisering, roller og ansvar							
2. Utarbeide rammeverk, overordnet kartlegging av risiko							
6. Implementere rammeverk							
4. Kartlegging og risikovurdering							
5. Oppfølging/monitorering, gjennomføring av tiltak							
6. Redegjørelse							Innen 30/6

## 8. Informasjon

Dersom du ønsker ytterlegare informasjon om korleis Myrkdalen Fjellandsby AS handterer faktiske og potensielle negative konsekvensar for brot på grunnleggande menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold i henhold til åpenhetsloven § 6, er du velkommen til å gjere det via e-post [hrpost@norwaysbest.com](mailto:hrpost@norwaysbest.com)

**SIGNATURES****ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 4 pages before this page  
Dokumentet inneholder 4 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 4 sivua ennen tätä sivua  
Dette dokument indeholder 4 sider før denne side

Detta dokument innehåller 4 sidor före denna sida

authority to sign  
representative  
custodial

asemavaltuus  
nimenkirjoitusoikeus  
huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt  
firmateckningsrätt  
förvaltare

autoritet til å signere  
representant  
foresatte/verge

myndighed til at underskrive  
repræsentant  
frihedsberøvende